

FURUHAUGEN BURETTSLAG-DEI ELDRE SIN BUSTADSPAREKLUBB NORDGARDSHAUGEN, 5918 FREKHAUG

ÅRSMØTE

Referat frå årsmøte den 19.05.17 for året 2016 i Furuhaugen burettslag, gnr. 23, bnr. 389 på Frekhaug i Meland kommune.

Møtet vart sett kl. 11.00 i bustaden til Åsta og Asbjørn Lid, Nordgardshaugen 11b. Det var sendt skriftleg innkalling til alle som har andelar i burettslaget.

Desse møtte:

Åsta Lid, Asbjørn Lid, Klara Mongstad, Anny Johannesen, Inger Nordanger, Kristian Nordanger, Gunnhild Sagstad, Johannes H. Fosse, Elna Bjørndal og Roald Bjørndal.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merkad til innkalling og sakliste, som vart godkjent.

Sak 2 Val av møteleiar

Johannes H. Fosse vart vald som møteleiar.

Sak 3 Val av sekretær

Roald Bjørndal vart vald til sekretær.

Sak 4 Val av to medlemmer til å skrive under møteboka

Til å skrive under møteboka vart vald: Inger Nordanger og Elna Bjørndal.

Sak 5 Årsmelding

Møteleiar refererte og orienterte om årsmelding for 2016.

Vedtak: Årsmelding for 2016 vart samrøystes godkjent.

Sak 6 Rekneskap

Møteleiar orienterte om rekneskapet for 2016 som ligg føre, og om uttale frå leiinga.

Vedtak: Rekneskapen for 2016 vart samrøystes godkjent.

Sak 7 Val av styremedlem for 2 år

Styremedlem Roald Bjørndal er på val.

Vedtak: Roald Bjørndal vart samrøystes attvald fo 2 nye år.

Sak 8 Val av varamedlemmer

Vedtak: Til varamedlemmer for 1 år vart samrøystes attvald: Asbjørn Lid, Klara Mongstad og Anny Johannesen.

Sak 9 Budsjett for 2018

Årsmøtet drøfta framlegg til budsjett for 2018, med bakgrunn i tidlegare utarbeidd langtidsbudsjett (likviditetsbudsjett) for perioden 2014-2025.

Vedtak: Framlegg til budsjett for 2018 vart samrøystes godkjent.

Sak10 Reglar for burettslaget

Årsmøtet handsama framlegg til et tillegg til vedteken pkt. 3


"Burettslaget skal til ei kvar tid ha oversikt over kven som disponerer og brukar laget sine husvære."

Vedtak:Årsmøtet godkjenner samrøystes overnemde tillegg til punkt 3 i vedtektene.

Møtet slutt



Inger Nordanger



Elna Bjørndal